

Høyringsnotat

Lovavdelinga
November 2009
Snr. 200906861

HØYRINGSNOTAT – FORSLAG TIL ENDRINGAR I INKASSOFORSKRIFTA OG INKASSOLOVA SOM FØLGJE AV DIREKTIV 2005/36/EF (YRKESKVALIFIKASJONSDIREKTIVET) OG DIREKTIV 2006/123/EF (TENESTEDIREKTIVET)

1. INNLEIING

Justisdepartementet gjer i høyringsnotatet her framlegg om endringar i forskrift 14. juli 1989 nr. 562 til inkassoloven m.m. (inkassoforskriften). Bakgrunnen er omsynet til direktiv 2005/36/EF (yrkeskvalifikasjonsdirektivet) og direktiv 2006/123/EF (tenestedirektivet) som er bindande for Noreg gjennom EØS-avtala. Framlegget går ut på å tilføye eit nytt kapittel 6, eit nytt kapittel 7 og ein ny § 5-2 i inkassoforskrifta. Framlegget gjeld berre det å drive inn pengekrav for andre, såkalla framandinkasso. Oppkjøpsinkasso er ikkje omfatta av dei nye reglane.

Det nye kapittel 6 fastset vilkåra og dei nærare føresegnene for at tenesteytarar som er lovleg etablerte i ein annan EØS-stat, ervervsmessig eller stadig kan drive inn forfalne pengekrav for andre mellombels i Noreg. Dette inneber mellom anna at krava om inkassoløyve og føretaksregistrering ikkje skal gjelde for dei som driv slik mellombels inkassoverksemd. Heimelen er lov 13. mai 1988 nr. 26 om inkassovirksomhet og annen inndrivning av forfalte pengekrav (inkassoloven) § 4 femte ledd.

Nytt kapittel 7 inneheld vilkår for å jamstille kvalifikasjonsbevis frå land utanfor EØS med kvalifikasjonsbevis frå ein EØS-stat. Heimelen er inkassolova § 5 andre ledd femte punktum. Når desse vilkåra er oppfylte, gjeld unntaket frå kravet om praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav i tre år som vilkår for å få inkassoløyve òg for dei som har kvalifikasjonsbevis frå land utanfor EØS. I motsetnad til kapittel 6 gjeld kapittel 7 retten for inkassoføretak til å etablere seg i Noreg for å drive inkassoverksemd her. Inkassoføretak etablerte i Noreg må ha inkassoløyve etter inkassolova § 4, jf. § 5.

Justisdepartementet gjer framlegg om ei ny føresegn i inkassoforskrifta kapittel 5 (ny § 5-2) med fristreglar for handsaming av søknader om inkassoløyve. Heimelen vil vere inkassolova § 5 sjuande ledd nytt andre og tredje punktum, som trer i kraft 28. desember 2009 (i samband med at tenestelova trer i kraft).

Justisdepartementet gjer òg framlegg om ei endring av inkassolova § 4 femte ledd om heimel til å gi forskrift om rett til å drive inkassoverksemd mellombels i Noreg. Bakgrunnen er at den noverande heimelen ikkje er tilstrekkeleg til å gjennomføre reglar som nemnt i yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 8.

2. GJELDANDE RETT

2.1 Mellombels inkassoverksemd

Etter gjeldande rett er det i utgangspunktet eit krav at føretak som skal drive inkassoverksemd i Noreg, har inkassoløyve og er registrerte i Føretaksregisteret, jf. inkassolova § 4 første ledd. Inkassolova har ikkje skilt mellom permanent og mellombels utøving av verksemda slik yrkeskvalifikasjonsdirektivet gjer. Dersom ein aktør frå ein annan EØS-stat driv med ervervsmessig inndriving av forfalne pengekrav for andre, gjeld desse vilkåra i inkassolova jamvel om aktøren berre ønskjer å tilby sine tenester mellombels i Noreg.

Inkassolova § 4 lyder slik:

”§ 4. Vilkår for å drive inkassovirksomhet

Inkassovirksomhet kan bare drives av foretak som er registrert i Foretaksregisteret og har bevilling, hvis ikke annet følger av tredje til femte ledd.

Inkassobevillingen skal avgrenses til enten å gjelde inndriving av forfalte pengekrav for andre eller oppkjøp og egen inndriving av forfalte pengekrav. Selskap med begrenset ansvar som har bevilling til ervervsmessig eller stadig å inndrive forfalte pengekrav for andre, skal være suffisient, det vil si at verdien av foretakets eiendeler må overstige foretakets samlede forpliktelser. Det samme gjelder når slik virksomhet drives av et ansvarlig selskap der en eller flere av deltakerne er et selskap med begrenset ansvar, eller av et kommandittselskap der en eller flere av komplementarene er et selskap med begrenset ansvar.

Inkassovirksomhet som gjelder ervervsmessig og stadig inndriving av forfalte pengekrav for andre kan også drives i medhold av norsk advokatbevilling.

Inkassovirksomhet som gjelder oppkjøp og inndriving av forfalte fordringer kan drives uten bevilling av institusjoner som har rett til å drive finansieringsvirksomhet etter lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner (finansieringsvirksomhetsloven).

Kongen kan i forskrift gi regler om at inkassovirksomhet som gjelder ervervsmessig eller stadig inndriving av forfalte pengekrav for andre, også kan drives midlertidig av personer som er lovlig etablert i en EØS-stat med sikte på å drive slik inkassovirksomhet der, og kan gi nærmere regler om midlertidig utøvelse av slik inkassovirksomhet.”

Femte ledd kom inn ved endringslov 19. september 2008 nr. 76 av omsyn til yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Denne føresegna gir Kongen kompetanse til å fastsetje

forskrift om at inkassatorar frå EØS kan utøve inkassoverksemd mellombels i Noreg utan inkassoløyve eller føretaksregistrering. Forskrifta kan òg slå fast dei nærare vilkåra for at EØS-inkassatorar kan drive inn pengekrav mellombels i Noreg.

Inkassolova § 4 femte ledd gir heimel for kapittel 6 i forskriftsframlegget her. Framlegget skal oppfylle skyldnadene Noreg har etter yrkeskvalifikasjonsdirektivet til å tillate inkassoføretak frå EØS å drive inkassoverksemd mellombels i Noreg.

2.2 Etablering av inkassoverksemd

Tidlegare var vilkåra for å få inkassoløyve dei same anten inkassoføretaket kom frå Noreg eller ein annan EØS-stat. Av omsyn til yrkeskvalifikasjonsdirektivet er det vedteke nye føresegner i inkassolova § 5 andre ledd tredje til femte punktum.

Inkassolova § 5 andre ledd lyder no slik:

”Inkassobevilling etter første ledd bokstav a gis etter søknad til personer som anses egnet til å være faktisk leder for foretak som stadig og ervervsmessig inndriver forfalte pengekrav for andre. Søkeren må fremlegge politiattest og godtgjøre å ha minst tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav i løpet av de siste ti år. Kravet om tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav gjelder ikke for EØS-statsborgere som har kvalifikasjonsbevis fra en annen EØS-stat som nevnt i direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 eller nr. 2. Dersom kvalifikasjonsbeviset ikke er lovregulert i den andre EØS-staten, må søkeren i tillegg ha drevet inkassovirksomhet på heltid i minst to år i løpet av de siste ti årene i en annen EØS-stat. Kongen kan i forskrift fastsette at tredje og fjerde punktum skal gjelde tilsvarende for borgere fra stater utenfor EØS og for søkere som har kvalifikasjonsbevis fra land utenfor EØS.”

Kravet om praktisk erfaring i tre år som vilkår for å få inkassoløyve gjeld ifølgje inkassolova § 5 andre ledd tredje punktum ikkje for EØS-statsborgarar som har kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat. Etter yrkeskvalifikasjonsdirektivet blir kvalifikasjonsbevis frå land utanfor EØS på visse vilkår jamstilte med kvalifikasjonsbevis frå EØS. Inkassolova § 5 andre ledd femte punktum gir heimel for å gi forskrift om slik jamstilling.

Framlegget her om inkassoforskrifta § 7-1 skal oppfylle plikta yrkeskvalifikasjonsdirektivet gir Noreg til å jamstille kvalifikasjonsbevis frå land utanfor EØS med kvalifikasjonsbevis frå EØS.

2.3 Frist for handsaming av søknader om inkassoløyve

Inkassolova og inkassoforskrifta har ikkje reglar om handsaming av søknader om løyve til å drive inkassoverksemd.

Lov 19. juni 2009 nr. 103 om tjenestevirksomhet inneheld særlege sakshandsamingsreglar for såkalla ”tillatelsesordninger”, jf. tenestelova § 5 bokstav f. Tenestelova gjennomfører direktiv 2006/123/EF (tenestedirektivet) i norsk rett og vil tre i kraft 28. desember 2009. Tenestelova § 11 lyder slik:

”§ 11. Saksbehandlingsfrister og gebyr mv.

Saksbehandlingsfristen for tillatelsesordningen regnes fra den dagen da nødvendig dokumentasjon har kommet inn til ansvarlig myndighet. Fristen kan forlenges én gang dersom sakens kompleksitet gjør det nødvendig. Fristforlengelsen skal begrunnes, og den skal meddeles søkeren før den opprinnelige fristen er ute.

Er fristen ute, anses tillatelse gitt, om ikke annet er fastsatt i eller med hjemmel i lov.

Etter å ha mottatt søknad med nødvendig dokumentasjon skal ansvarlig myndighet så raskt som mulig gi søkeren et foreløpig svar. Det foreløpige svaret skal opplyse om den frist som gjelder for saksbehandlingen, at tillatelse skal anses gitt dersom søknaden ikke er avgjort før fristens utløp, i de tilfellene dette får anvendelse, og klageadgang. Mangler nødvendig dokumentasjon fra søkeren, skal denne så snart som mulig oppfordres til å gi fullstendig dokumentasjon og opplyses om at saksbehandlingsfristen først løper fra det er gjort.

Gebyr for saksbehandlingen skal være rimelig og ikke overstige kostnadene ved saksbehandlingen.”

Sakshandsamingsreglane i tenestelova føreset at ein har utfyllande reglar i sektorlovgivinga, i hovudsak om sakshandsamingsfristar og om konsekvensane av fristoversitjing. Tenestelova § 29 nr. 12 gjer endringar i inkassolova § 5, som vil tre i kraft samstundes med at tenestelova trer i kraft. Frå 28. desember 2009 får inkassolova § 5 sjuande ledd eit nytt andre og eit nytt tredje punktum, som lyder slik:

”Til utfylling av reglene i tjenesteloven kan Kongen gi forskrift om behandling av inkassobevilling, herunder om frister og rettsvirkninger ved fristoverskridelse. Unntak fra tjenesteloven § 11 annet ledd kan bare gjøres når det er begrunnet ut fra tvingende allmenne hensyn, herunder hensynet til privatpersoners beskyttelsesverdige interesser.”

3. MELLOMBELS INKASSOVERKSEMD

3.1 Grunnvilkår for å utøve inkassoverksemd mellombels i Noreg – artikkel 5 i direktivet

Yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 5 inneber at ein inkassator frå ein annan EØS-stat ikkje under tilvising til manglande yrkeskvalifikasjonar kan nektast å kome til Noreg og utøve framandinkasso mellombels her. Føresetnaden er at inkassoføretaket er lovleg etablert i ein EØS-stat med sikte på å drive inkassoverksemd der, jf. artikkel 5 nr. 1 bokstav a. Dersom korkje inkassoverksemda eller opplæringa i slik verksemd er lovregulert i etableringsstaten, er føresetnaden at inkassatoren har drive inkassoverksemd i minst to av dei siste ti åra i denne staten, jf. artikkel 5 nr. 1 bokstav b. Kravet i inkassolova § 4 første leddet om inkassoløyve som vilkår for å drive inkassoverksemd kan etter dette ikkje haldast fullt ut ved lag når det gjeld inkassoføretak som er lovleg etablerte i ein EØS-stat med sikte på å drive inkassoverksemd der.

Yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 5 lyder slik:

”Artikkel 5

Prinsippet om fri ytelse av tjenester

1. Uten at det berører de særlige bestemmelsene i fellesskapsretten og artikkel 6 og 7 i dette direktiv, skal medlemsstatene ikke, av noen grunn knyttet til yrkeskvalifikasjoner, begrense den frie ytelsen av tjenester i en annen medlemsstat

a) dersom tjenesteyteren er lovlig etablert i en medlemsstat med det formål å utøve det samme yrket der (heretter kalt «etableringsstaten»), og

b) der tjenesteyteren flytter, dersom denne har utøvd nevnte yrke i etableringsstaten i minst to år i løpet av de siste ti år før ytelsen av tjenestene og yrket ikke har vært lovregulert i denne medlemsstaten. Vilåret om to års utøvelse kommer ikke til anvendelse når enten yrket eller utdanningen og opplæringen som fører fram til yrket, er lovregulert.

2. Bestemmelsene i denne avdeling kommer bare til anvendelse der tjenesteyteren flytter til territoriet til vertsstaten for der å utøve, på midlertidig og tilfeldig grunnlag, det yrket som er nevnt i nr. 1.

Tjenesteytelsens midlertidige og tilfeldige art skal vurderes fra sak til sak, særlig i forhold til ytelsens varighet, hyppighet, regelmessighet og kontinuitet.

3. Når en tjenesteyter flytter, skal denne være underlagt de regler som gjelder yrket av faglig, lovgivningsmessig eller administrativ art som er direkte knyttet til yrkeskvalifikasjoner, som for eksempel definisjon av yrket, bruken av titler og alvorlig yrkesmessig forsømmelse som er direkte og i særlig grad knyttet til forbrukervern og sikkerhet, samt disiplinærbestemmelser som kommer til anvendelse i vertsstaten overfor fagfolk som utøver det samme yrket i denne medlemsstaten.”

I framlegget om nytt kapittel 6 i inkassoforskrifta er det i § 6-1 teke inn ein regel som gjer unntak frå krava til inkassoløyve og føretaksregistrering som følgjer av inkassolova, for tenesteytarar frå EØS som utøver inkassoverksemd mellombels i Noreg. Heimelen er inkassolova § 4 femte ledd. Krava i § 6-1 svarer til dei vilkåra som følgjer av yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 5.

Det kan vere vanskeleg å trekkje grensa mellom etablering og mellombels tenesteyting. § 6-1 gjeld berre mellombels tenesteyting. Ifølgje artikkel 5 nr. 2 i yrkeskvalifikasjonsdirektivet må ein vurdere tenesta ut frå kor varig, hyppig, regelmessig og samanhengande ho er. Yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 5 nr. 2 nyttar formuleringa ”midlertidig og tilfeldig”/ ”on temporary and occasional basis”. Departementet foreslår å nytte ”midlertidig og leilighetsvis”, jf. § 6-1 første ledd.

3.2 Krav om melding – artikkel 7 nr. 1 og 2 i direktivet

Yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 7 nr. 1 og 2 slår fast at Noreg som vertsnasjon kan krevje at inkassatorane skal gi ei skriftleg erklæring og annan dokumentasjon på førehand før dei driv inn pengekrav mellombels i Noreg første gongen.

Direktiv 2005/36/EF artikkel 7 nr. 1 og 2 lyder slik:

”1. Medlemsstatene kan kreve at i de tilfeller der tjenesteyteren først flytter fra én medlemsstat til en annen for å yte tjenester, skal tjenesteyteren informere vedkommende myndighet i vertsstaten om dette i form av en skriftlig erklæring på forhånd, inkludert detaljer vedrørende en eventuell forsikringsdekning eller andre former for personlig eller kollektiv beskyttelse med hensyn til yrkesansvar. En slik erklæring skal fornyes hvert år dersom tjenesteyteren har til hensikt å yte midlertidige eller tilfeldige tjenester i den aktuelle medlemsstaten i løpet av året. Tjenesteyteren kan selv velge hvordan denne erklæringen meddeles.

2. Første gang tjenestene ytes, eller dersom det foreligger en vesentlig endring av de forhold som omhandles av dokumentene, kan medlemsstatene dessuten kreve at erklæringen ledsages av følgende dokumenter:

a) Bevis på tjenesteyterens nasjonalitet.

b) En bevitnelse som bekrefter at innehaveren er lovlig etablert i en medlemsstat med det formål å utøve den aktuelle virksomheten samt at tjenesteyteren ikke er forbudt å praktisere, også eventuelt midlertidig, på den tiden bevitnelsen innsendes.

c) Kvalifikasjonsbevis.

d) For tilfeller nevnt i artikkel 5 nr. 1 bokstav b), alle former for dokumentasjon på at tjenesteyteren har utøvd den aktuelle virksomheten i minst to år i løpet av de siste ti årene.

e) For yrker innenfor sikkerhetsbransjen, der medlemsstaten krever dette for egne borgere, dokumentasjon på at utøveren ikke er dømt for noe straffbart forhold.”

§ 6-2 i forskriftsforslaget stiller krav om melding og dokumentering frå inkassatorar som planlegg å drive inn krav mellombels i Noreg, i samsvar med føresegnene i artikkel 7 nr. 1 og 2 i direktivet. Det er viktig at Noreg kan føre kontroll med dei som driv inkassoverksemd i Noreg, anten det gjeld etablering eller mellombels inndriving. Forskriftsteksta er utforma slik at ho ligg nært opp til ordlyden i direktivet.

3.3 Bør det vere krav om at inkassatoren sluttar seg til avtala om inkassoklagenemnda? – artikkel 6 i direktivet

Yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 6 forbyr Noreg som vertsnasjon å krevje at inkassatorar som er lovleg etablerte i ein annan EØS-stat, skal bli godkjende av, medlemmer av eller registrerte i ein yrkesorganisasjon eller eit yrkesorgan her. For enklare å kunne handheve disiplinærføresegnene kan Noreg likevel fastsetje ei ordning med automatisk mellombels registrering eller proforma medlemskap i ein slik organisasjon. Føresetnaden er at den automatiske registreringa ikkje ”forsinker eller kompliserer ytelsen av tjenester og ikke medfører tilleggskostnader for tjenesteyteren”.

Artikkel 6 lyder slik:

”Artikkel 6

Unntak

I henhold til artikkel 5 nr. 1 skal vertsstaten unnta tjenesteytere som er etablert i en annen medlemsstat fra de krav den pålegger fagfolk etablert på vertsstatens territorium knyttet til

a) godkjenning av, registrering i eller medlemskap i en yrkesorganisasjon eller et yrkesorgan. For å lette anvendelsen av de gjeldende disiplinærbestemmelsene på medlemsstatenes territorium i samsvar med artikkel 5 nr. 3, kan medlemsstatene enten fastsette en automatisk midlertidig registrering eller proforma medlemskap i en slik yrkesorganisasjon eller et slikt yrkesorgan, forutsatt at slik registrering eller medlemskap ikke på noen måte forsinker eller kompliserer ytelsen av tjenester og ikke medfører tilleggskostnader for tjenesteyteren. En kopi av erklæringen og eventuelt av fornyelsen nevnt i artikkel 7 nr. 1, sammen med, for yrker som har sammenheng med offentlig helse og sikkerhet som nevnt i artikkel 7 nr. 4 eller som drar fordel av automatisk godkjenning i henhold til avdeling III kapittel III, en kopi av dokumentene nevnt i artikkel 7 nr. 2, skal oversendes av vedkommende myndighet til vedkommende yrkesorganisasjon eller -organ, og skal for dette formål utgjøre automatisk midlertidig registrering eller proforma medlemskap,

b) registrering i et offentlig trygdeordningsorgan med det formål å foreta avregninger knyttet til virksomhet som utøves til fordel for forsikrede personer med en forsikringsgiver.

Tjenesteyteren skal imidlertid på forhånd eller dersom det haster, i etterkant, informere det organ som er nevnt i bokstav b), om de tjenester som vedkommende har ytt.”

Inkassolova § 22 har regler om nemndshandsaming av tvistar etter inkassolova. Det er etablert ei klagenemnd for handsaming av tvistar ved ei avtale mellom Norske Inkassobyråers Forening og Forbrukerrådet. Det følgjer av inkassolova § 5 fjerde ledd at det kan setjast som vilkår for inkassoløyve at føretaket sluttar seg til nemndsordninga. Som nemnt i punkt 3.1 inneber yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 5 at Noreg ikkje kan krevje inkassoløyve for inkassatorar frå andre EØS-statar som utøver inkassoverksemd mellombels i Noreg. Å setje nemndshandsaming som vilkår for inkassoløyve er dermed ikkje aktuelt.

Departementet ser det som eit usikkert spørsmål om nemndshandsaming etter inkassolova § 22 fell inn under verkeområdet for artikkel 6, jf. formuleringa ”medlemskap i en yrkesorganisasjon eller et yrkesorgan”. Og om ein – under føresetnad av at artikkel 6 gjeld – kan nytte unntaksregelen om mellombels automatisk registrering, er heller ikkje klart. Det kan vere gode grunner til å krevje at inkassatorar frå andre EØS-statar tar del i ordninga med nemndshandsaming av inkassotvistar når dei driv inkassoverksemd mellombels i Noreg. Men på bakgrunn av at det kan vere uklart om ein kan stille eit slikt krav etter direktivet, er det ikkje foreslått ein regel om dette i framlegget til endringsforskrift. Departementet går dessutan ut frå at det neppe vil vere mange som vil drive mellombels inkassoverksemd i Noreg, slik at det ikkje vil vere eit stort behov for ein slik regel.

3.4 Språket yrkesnemninga skal vere på – artikkel 7 nr. 3 i direktivet

Yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 7 nr. 3 slår fast at inkassatorar frå EØS-land skal nytte yrkestittelen på språket i landet der dei er etablerte, når dei driv inkassoverksemd mellombels i eit anna land.

Artikkel 7 nr. 3 lyder slik:

”Tjenesten skal ytes under yrkestittelen i etableringsstaten, i den grad en slik tittel eksisterer i vedkommende medlemsstat for den aktuelle yrkesvirksomheten. Denne tittelen skal angis på det offisielle språket eller på ett av de offisielle språkene i etableringsstaten på en slik måte at det unngås forveksling med yrkestittelen i vertsstaten. Der det ikke finnes noen yrkestittel i etableringsstaten, skal tjenesteyteren angi sine formelle kvalifikasjoner på det offisielle språket eller ett av de offisielle språkene i vedkommende medlemsstat. Unntaksvis kan tjenesten ytes under yrkestittelen i bruk i vertsstaten når det gjelder tilfeller nevnt i avdeling III kapittel III.”

§ 6-3 i forslaget til endringsforskrift svarer til yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 7 nr. 3. Forskriftsteksta er utforma slik at ho ligg nært opp til ordlyden i direktivet.

3.5 Opplysningsplikt i høve til skyldnaren og fordringshavaren – artikkel 9 i direktivet

Det følgjer av artikkel 9 i yrkeskvalifikasjonsdirektivet at vertsstaten kan krevje at ein inkassator som driv inkassoverksemd mellombels i landet etter artikkel 5, gir tenestemottakaren visse opplysningar.

Artikkel 9 lyder slik:

”Artikkel 9

Opplysninger som skal gis til mottakere av tjenesten

I tilfeller der tjenesten ytes i henhold til yrkestittelen til etableringsstaten eller i henhold til den formelle kvalifikasjonen til tjenesteyteren, kan vedkommende myndigheter i vertsstaten, i tillegg til de andre opplysningskravene som finnes i fellesskapsretten, kreve at tjenesteyteren gir mottakeren av tjenesten alle eller visse av følgende opplysninger:

- a) Dersom tjenesteyteren er registrert i et handelsregister eller tilsvarende offentlig register, det registeret der tjenesteyteren er registrert, vedkommendes registreringsnummer, eller en tilsvarende måte å identifisere opplysninger i det nevnte registeret.
- b) Dersom virksomheten er underlagt autorisasjon i etableringsstaten, navnet på og adressen til vedkommende tilsynsmyndighet.
- c) Eventuell yrkessammenslutning eller tilsvarende organ som tjenesteyteren er registrert i.
- d) Tjenesteyterens yrkestittel, eller der det ikke eksisterer noen slik tittel, tjenesteyterens bevis på tjenesteyterens formelle kvalifikasjoner og i hvilken medlemsstat det ble tildelt.

e) Dersom tjenesteyteren utøver en virksomhet som er underlagt merverdiavgift (MVA), registreringsnummeret for merverdiavgift som nevnt i artikkel 22 nr. 1 i det sjette rådsdirektiv 77/388/EØF av 17. mai 1977 om harmonisering av medlemsstatenes lovgivning med hensyn til omsetningsavgift — Felles merverdiavgiftssystem: ensartet avgiftsgrunnlag.

f) Detaljer vedrørende eventuell forsikringsdekning eller andre former for personlig eller kollektiv beskyttelse med hensyn til yrkesansvar.”

Artikkel 9 inneber at Noreg som vertsnasjon kan krevje dei opplysningane som er rekna opp. Noreg har dermed ikkje plikt til å krevje at inkassatorane gir desse opplysningane. Særleg av omsyn til skyldnarane er det viktig å sikre god informasjon om inkassatorane. Departementet foreslår derfor at Noreg skal krevje at inkassatorar frå andre EØS-land gir skyldnarane og fordringshavarane nokre av dei opplysningane som er omfatta av artikkel 9, jf. forslaget § 6-4.

Artikkel 9 nyttar omgrepet ”mottakeren av tjenesten”/”recipient”. Det må vere klart at fordringshavaren fell inn under dette omgrepet. I tråd med vanleg språkbruk er det naturleg å forstå ”tenestemottakar” som den som nyt godt av tenesta. Legg ein denne tolkinga til grunn, blir konsekvensen for inkasso at det berre er fordringshavaren som er ”tenestemottakar”. Dette fører i så fall til at ein ikkje kan krevje at inkassatorane skal gi desse opplysningane til skyldnarane.

På den andre sida er omgrepet ”mottakeren av tjenesten” så upresist at det kan vere rimeleg å ikkje leggje ei så snever tolking til grunn. Opplysningsplikta etter artikkel 9 skal verne tenestemottakarane i vertsnasjonen. I inkassosaker er det, slik departementet ser det, i hovudsak skyldnaren som treng det vernet artikkel 9 opnar for. Dette taler for å tolke omgrepet slik at den tenesta rettar seg mot, er tenestemottakar jamvel om vedkomande korkje nyt godt av eller har bede om tenesta. Dette taler for at skyldnaren òg er omfatta av artikkel 9.

3.6 Opplysningsplikt for Kredittilsynet – artikkel 8 i direktivet

Yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 8 slår fast at styresmaktene i vertsnasjonen kan krevje at Noreg gir informasjon om tenesteytarar som er etablerte i Noreg og driv inkassoverksemd mellombels i ein annan EØS-stat. Opplysningane gjeld mellom anna at inkassoføretaket er lovleg etablert i Noreg, og at inkassatoren ikkje har fått disiplinære eller strafferettslege reaksjonar mot seg.

Artikkel 8 lyder slik:

”Artikkel 8

Administrativt samarbeid

1. Vedkommende myndigheter i vertsstaten kan, for hvert tilfelle av tjenesteyting, be vedkommende myndigheter i etableringsstaten om å gi all informasjon som er relevant for lovligheten av tjenesteyterens etablering og dennes redelige atferd, samt om fravær av

eventuelle disiplinære eller kriminelle forhold av yrkesmessig art. Vedkommende myndigheter i etableringsstaten skal gi disse opplysningene i samsvar med bestemmelsene i artikkel 56.

2. Vedkommende myndigheter skal sikre utveksling av all informasjon som er nødvendig for at klager fra en mottaker av en tjeneste mot en tjenesteyter skal bli fulgt opp på riktig måte. Mottakere skal informeres om resultatet av klagen.”

Artikkel 8 gir styresmaktene i Noreg plikt til å gi andre EØS-statar visse opplysningar om inkassatorar som er etablerte her. Sidan det er Kredittilsynet som er tilsynsorgan for inkassoverksemd i Noreg, høyrer informasjonsutvekslinga naturleg inn under ansvarsområdet for tilsynet.

I forslaget til endringsforskrift § 6-5 er det teke inn ein regel til gjennomføring av artikkel 8. Inkassolova § 4 femte ledd om mellombels inkassoverksemd gir neppe tilstrekkeleg heimel til ein slik regel om opplysningsplikt for Kredittilsynet. Departementet foreslår derfor ei endring også av inkassolova § 4 femte ledd, sjå punkt 9.

4. GODKJENNING AV KVALIFIKASJONSBEVIS FRÅ LAND UTANFOR EØS FOR INKASSATORAR SOM ETABLERER SEG I NOREG

Yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 2 nr. 2 gjeld godkjenning av kvalifikasjonar frå land utanfor EØS. Med mindre det dreiar seg om særlege yrke, kan EØS-statane sjølve fastsetje kva for kvalifikasjonar frå tredjeland staten reknar for tilstrekkelege som grunnlag for å kunne utøve eit lovregulert yrke i denne staten. Om ein EØS-stat har godkjent kvalifikasjonar frå eit tredjeland etter artikkel 2 nr. 2, følgjer det av artikkel 3 nr. 3 at kvalifikasjonsbevisa på visse vilkår blir jamstilte med kvalifikasjonsbevis frå EØS.

Artikkel 2 nr. 2 lyder slik:

”Alle medlemsstater kan i samsvar med egen lovgivning tillate borgere av andre medlemsstater som innehar kvalifikasjonsbevis som ikke er ervervet i en medlemsstat, å utøve et lovregulert yrke i betydningen i artikkel 3 nr. 1 bokstav a) på sitt territorium. Når det gjelder yrker som omfattes av avdeling III kapittel III, skal denne første godkjenningen skje i overensstemmelse med de minstekrav for utdanning som er fastsatt i nevnte kapittel.”

Artikkel 3 nr. 3 lyder slik:

”Kvalifikasjonsbevis utstedt av en tredjestat skal anses som et kvalifikasjonsbevis dersom innehaveren har tre års yrkeserfaring i det aktuelle yrket i territoriet til den medlemsstat som godkjente det omtalte kvalifikasjonsbeviset i samsvar med artikkel 2 nr. 2, som er godkjent av denne medlemsstaten.”

§ 7-1 i forslaget til endringsforskrift skal oppfylle plikta Noreg har etter yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 3 nr. 3, jf. artikkel 2 nr. 2, til å jamstille

kvalifikasjonsbevis frå land utanfor EØS med kvalifikasjonsbevis frå EØS. Heimelen for § 7-1 er inkassolova § 5 andre ledd femte punktum.

§ 7-1 slår fast at søkjarar som har kvalifikasjonsbevis frå land utanfor EØS, på visse vilkår blir jamstilte med søkjarar med kvalifikasjonsbevis frå ein EØS-stat. Dette inneber at kravet etter inkassolova § 5 andre ledd andre punktum om praktisk erfaring med inndriving av pengekrav i tre år som vilkår for å kunne få inkassoløyve, heller ikkje gjeld for denne søkjargruppa.

Bokstav a til c gir dei nærare vilkåra for å jamstille kvalifikasjonsbevis frå land utanfor EØS med kvalifikasjonsbevis frå ein EØS-stat. For å sikre kontrollen med inkassoverksemda foreslår departementet at Noreg stiller dei krava artikkel 3 nr. 3 tillet.

§ 7-1 gjer eit unntak frå kravet etter inkassolova § 5 andre ledd andre punktum om tre års praktisk erfaring, men berre dersom søkjaren har tre års erfaring med inndriving av pengekrav frå den EØS-staten som har godkjent kvalifikasjonsbeviset, jf. bokstav b. Departementet forstår inkassolova § 5 andre ledd andre punktum slik at ein ikkje utan vidare kan godkjenne erfaring frå utlandet i vurderinga av om praksiskravet er oppfylt, jf. merknadene til § 5 på side 105-106 i Ot.prp. nr. 2 (1987-88). Forskrifta § 7-1 inneber da at praktisk erfaring frå den EØS-staten som har godkjent kvalifikasjonsbeviset, likevel skal gi grunnlag for inkassoløyve dersom også dei andre vilkåra i denne føresegna er oppfylte. Om ein skulle forstå inkassolova slik at erfaring frå utlandet skal reknast med også etter inkassolova § 5 andre ledd andre punktum, skulle det ikkje vere behov for ein regel som i forslaget § 7-1.

5. FRIST FOR SØKNADER OM INKASSOLØYVE

Inkassolova § 5 sjuande ledd andre og tredje punktum gir, når føresegnene trer i kraft 28. desember 2009, heimel for å gi forskrift med reglar om frist for handsaming av søknader om inkassoløyve. Som nemnt i punkt 2.3 må dei nye reglane i inkassolova § 5 sjåast i samanheng med § 11 i tenestelova.

Tenestelova § 11 første ledd føreset at det for handsaming av søknader om løyve blir sett ein frist for sakshandsaminga. Fristen skal reknast frå den dagen då ansvarleg myndigheit har motteke nødvendig informasjon. Lova seier ikkje noko om fristens lengde. Fristen kan setjast til eit visst tal dagar, veker, månader eller liknande, jf. Ot.prp. nr. 70 (2008-2009) side 82.

Etter tenestedirektivet skal sakshandsamingsfristen vere "rimelig", jf. artikkel 13 nr. 3. Dette inneber eit krav om særskilt vurdering av kvar løyveordning. Ei tolking av føresegna i direktivet tilseier ikkje ein for streng standard. Direktivet tek sikte på å hindre uforholdsmessig lang sakshandsamingstid.

Utgangspunktet for vurderinga er den tidsperioden som ei forsvarleg utgreiing av saka krev etter forvaltningslova § 17. Dette utgangspunktet må sjåast i samanheng med at forvaltninga etter forvaltningslova § 11 a har ei plikt til å førebu og avgjere sakene utan "ugrunnet opphold".

Departementet foreslår ein frist på tre månader. Departementet har teke utgangspunkt i at normal sakshandsamingstid i Kredittilsynet er tre til fire veker frå det tidspunktet Kredittilsynet får søknaden med nødvendig dokumentasjon. Med ein frist på tre månader tek ein høgde for at nokre saker er meir kompliserte enn andre, og at det derfor er behov for meir tid til førebuing av saka.

Inkassolova § 5 sjuande ledd andre og tredje punktum gir også heimel for å gi forskrift med reglar om konsekvensane av fristoversiting. Dette har samanheng med tenestelova § 11 andre ledd, som fastset at dersom søknaden om løyve ikkje er avgjort innan fristen, "anses tillatelse gitt, om ikke annet er fastsatt i eller med hjemmel i lov".

Etter tenestedirektivet artikkel 13 nr. 4 kan regelen om at løyve blir gitt automatisk, fråvikast dersom det er "begrunnet ut fra tvingende allmenne hensyn, herunder hensynet til tredjemanns rettmessige interesse". Dette inneber at ein må vurdere om allmenne omsyn gir grunnlag for å fråvike regelen, og om dette vil vere forholdsmessig.

Eit viktig formål med løyveordninga er å verne forbrukarane. Løyveordninga skal hindre at forbrukarane blir utsette for urimeleg påtrykk, skade eller ulempe. Ordninga skal òg verne kreditorane og tenestemottakarane, og den er meint å motverke bedrageri og underslag. Departementet meiner derfor at kriteriet om allmenne omsyn er oppfylt.

Vidare legg departementet til grunn at det er forholdsmessig å gjere unntak frå regelen om at løyve blir gitt automatisk. Løyveordninga er naudsynt for at tilsynsorganet skal kunne ha oversikt over og tilsyn med inkassoføretaka. Etterfølgjande kontroll er ikkje godt nok fordi skaden då allereie kan vere skjedd.

Departementet foreslår på denne bakgrunn ein ny regel i § 5-2 i inkassoforskrifta om at tenestelova § 11 andre ledd ikkje gjeld for søknader om inkassoløyve.

6. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

Framlegget om nytt kapittel 6 i inkassoforskrifta utvidar retten til å drive inkassoverksemd mellombels i Noreg. Dette vil ha konsekvensar for Kredittilsynet. Kredittilsynet er tilsynsorgan for inkassoverksemd og vil etter forslaget ha ansvaret for å handsame meldingane etter § 6-2. Departementet ser det ikkje som sannsynleg at det vil dreie seg om mange saker. Det er derfor ikkje grunn til å tru at framlegget vil føre til nemnande meirarbeid for Kredittilsynet. Det same gjeld saker om norske inkassatorar som ønskjer å drive inkassoverksemd mellombels i andre EØS-statar, jf.

opplysningsplikta for Kredittilsynet etter forskrifta § 6-5 og forslaget om endring av inkassolova § 4 femte ledd.

Framlegget om ny § 7-1 i inkassoforskrifta inneber ei mindre utviding av unntaket som allereie gjeld etter inkassolova § 5 andre ledd for EØS-statsborgarar med kvalifikasjonsbevis frå ein annan stat. Departementet legg til grunn at heller ikkje dette framlegget vil få nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar for Kredittilsynet.

Det same gjeld framlegget om ei ny fråsegn i inkassoforskrifta § 5-2. Framlegget vil kunne få innverknad på sakshandsamingstida i Kredittilsynet, men vil neppe føre til meirarbeid for Kredittilsynet.

7. MERKNADER TIL DEI ENKELTE PARAGRAFANE

7.1 Merknader til endringane i inkassoforskrifta

Til § 5-2

Første ledd set ein frist for handsaming av søknader om løyve til å drive inkassoverksemd, jf. punkt 5. Heimelen er inkassolova § 5 sjuande ledd andre punktum, som trer i kraft 28. desember 2009. Bakgrunnen er gjennomføringa av direktiv 2006/123/EF (tenestedirektivet) artikkel 13 nr. 3.

Andre ledd gjer unntak frå tenestelova § 11 andre ledd, sjå punkt 5. Heimelen er inkassolova § 5 sjuande ledd andre punktum, som trer i kraft 28. desember 2009. Bakgrunnen er gjennomføringa av direktiv 2006/123/EF (tenestedirektivet) artikkel 13 nr. 4.

Til § 6-1

§ 6-1 gjeld retten til mellombels å utøve inkassoverksemd i Noreg. Heimelen er inkassolova § 4 femte ledd. Bakgrunnen er direktiv 2005/36/EF (yrkeskvalifikasjonsdirektivet) artikkel 5. Forslaget er omtalt i punkt 3.1.

§ 6-1 gjeld berre inndriving av forfalne pengekrav for andre. Oppkjøpsinkasso er såleis ikkje omfatta.

Omgrepa "lovregulert yrke" og "lovregulert utdanning", jf. første ledd bokstav c, er definerte i yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 3 nr. 1 bokstav a og e.

Til § 6-2

Bakgrunnen for § 6-2 er direktiv 2005/36/EF (yrkeskvalifikasjonsdirektivet) artikkel 7 nr. 1 og 2. Heimelen er inkassolova § 4 femte ledd. Forslaget er omtalt i punkt 3.2.

Til § 6-3

§ 6-3 svarer til direktiv 2005/36/EF (yrkeskvalifikasjonsdirektivet) artikkel 7 nr. 3, sjå punkt 3.4. Heimelen er inkassolova § 4 femte ledd.

Til § 6-4

Bakgrunnen for § 6-4 er direktiv 2005/36/EF (yrkeskvalifikasjonsdirektivet) artikkel 9. Heimelen er inkassolova § 4 femte ledd. Forslaget er omtalt i punkt 3.5.

Til § 6-5

§ 6-5 gjeld for inkassatorar som er etablerte i Noreg og som driv mellombels inkassoverksemd i andre EØS-statar på bakgrunn av yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 5. Bakgrunnen for paragrafen er direktiv 2005/36/EF (yrkeskvalifikasjonsdirektivet) artikkel 8.

Forslaget om ny § 6-5 i inkassoforskrifta må sjåast i samanheng med forslaget om endring av inkassolova § 4, sjå punkt 3.6.

Til § 7-1

§ 7-1 gjeld inkassatorar som etablerer seg i Noreg for å drive inkassoverksemd her, og gjer unntak frå krava etter inkassolova § 5 for å få inkassoløyve. § 7-1 har bakgrunn i direktiv 2005/36/EF (yrkeskvalifikasjonsdirektivet) artikkel 3 nr. 3. Heimelen er inkassolova § 5 andre ledd femte punktum. Sjå punkt 4.

6.2 Merknader til endringane i inkassolova

Til § 4

Framlegget om endring av inkassolova § 4 femte ledd skal gi heimel for å gi forskrift til gjennomføring av direktiv 2005/36/EF (yrkeskvalifikasjonsdirektivet) artikkel 8, sjå framlegget om ny § 6-5 i inkassoforskrifta og punkt 3.6.

8. FORSLAG TIL ENDRINGAR I INKASSOFORSKRIFTA

I

I forskrift 14. juli 1989 nr. 562 til inkassoloven m.m. blir det gjort følgjande endringar:

Overskrifta i kapittel 5 skal lyde:

Kapittel 5. Behandling av søknader om inkassobevilling

Ny § 5-2 skal lyde:

§ 5-2 *Saksbehandlingsfrist*

For søknad om inkassobevilling etter inkassoloven § 5 er saksbehandlingsfristen tre måneder, jf. tjenesteloven § 11 første ledd.

Tjenesteloven § 11 annet ledd om at tillatelse anses gitt når saksbehandlingsfristen er utløpt, gjelder ikke for søknad om inkassobevilling.

Nytt kapittel 6 skal lyde:

Kapittel 6. Midlertidig utøvelse av inkassovirksomhet

§ 6-1 *Unntak fra krav om foretaksregistrering og inkassobevilling ved midlertidig utøvelse av inkassovirksomhet i Norge*

Kravene til foretaksregistrering og inkassobevilling etter inkassoloven § 4 første ledd gjelder ikke for en inkassator som midlertidig og leilighetsvis inndriver forfalte pengekrav for andre dersom

- a) inkassatoren er statsborger i en EØS-stat,
- b) inkassatoren er lovlig etablert i en annen EØS-stat med sikte på å drive inkassovirksomhet der, og
- c) inkassovirksomhet eller utdannelsen og opplæringen som fører frem til yrket, er lovregulert i etableringsstaten, eller inkassatoren har utøvet inkassovirksomhet i etableringsstaten i minst to år i løpet av de siste ti årene.

Om virksomheten skal anses midlertidig og leilighetsvis etter første ledd, skal særlig vurderes ut fra virksomhetens varighet, hyppighet, regelmessighet og kontinuitet.

Paragrafen her medfører for øvrig ingen begrensninger i inkassatorens plikter etter inkassoloven eller forskriften her.

§ 6-2 *Melding om midlertidig inkassovirksomhet*

En inkassator som midlertidig skal utøve inkassovirksomhet i Norge etter § 6-1, skal på forhånd sende melding om dette til Kredittilsynet. I meldingen skal det opplyses om relevant forsikringsdekning eller andre former for personlig eller kollektiv beskyttelse når det gjelder ansvar som følge av virksomheten, herunder eventuelle garantier. Meldingen skal fornyes årlig om inkassatoren planlegger å utøve inkassovirksomhet også det kommende året.

Første gang det sendes melding etter første ledd, skal følgende dokumenter vedlegges meldingen:

- a) bevis for inkassatorens nasjonalitet,
- b) dokument som bekrefter at inkassatoren er lovlig etablert i en EØS-stat med sikte på å drive inkassovirksomhet der, og at inkassatoren ikke er fratatt retten til å drive slik virksomhet på tidspunktet for innsendelse av dokumentet,
- c) kvalifikasjonsbevis,
- d) dokument som bekrefter at inkassatoren har utøvet inkassovirksomhet i minst to år i løpet av de siste ti årene der dette er relevant etter § 6-1 første ledd bokstav c.

Dokumenter som nevnt i annet ledd skal også sendes Kredittilsynet dersom det foreligger en vesentlig endring av de forholdene dokumentene omhandler.

§ 6-3 Yrkesbetegnelse under utøvelse av midlertidig inkassovirksomhet

En inkassator som midlertidig utøver inkassovirksomhet i Norge i medhold av § 6-1, skal benytte yrkestittelen i den EØS-staten hvor inkassatoren er etablert. Denne tittelen skal angis på etableringsstatens offisielle språk på en slik måte at det unngås forveksling med yrkestittelen i Norge.

Hvis det ikke finnes noen yrkestittel i etableringsstaten, skal inkassatoren angi sine formelle kvalifikasjoner på etableringsstatens offisielle språk.

§ 6-4 Opplysningsplikt overfor skyldneren og fordringshaveren

En inkassator som midlertidig utøver inkassovirksomhet i Norge i medhold av § 6-1, skal gi skyldneren og fordringshaveren opplysninger om følgende:

- a) handelsregister eller tilsvarende register hvis inkassatoren er registrert i et slikt register, samt inkassatorens registreringsnummer eller en tilsvarende måte å identifisere opplysninger i dette registeret på,
- b) dersom inkassovirksomhet er underlagt autorisasjon i etableringsstaten, navnet på og adressen til vedkommende tilsynsmyndighet,
- c) inkassatorens yrkestittel, eller der det ikke eksisterer noen slik tittel, inkassatorens bevis på formelle kvalifikasjoner og i hvilken stat det ble tildelt,
- d) detaljer vedrørende relevant forsikringsdekning eller andre former for personlig eller kollektiv beskyttelse når det gjelder ansvar som følge av virksomheten, herunder eventuelle garantier.

§ 6-5 Kredittilsynets opplysningsplikt om norske inkassatorer

På forespørsel fra vedkommende myndighet i en EØS-stat om å gi opplysninger om en inkassator som er etablert i Norge og utøver inkassovirksomhet midlertidig i vedkommende EØS-stat, skal Kredittilsynet gi relevant informasjon om inkassatorens yrkesutøvelse samt at inkassatoren er lovlig etablert i Norge. Kredittilsynet skal også gi relevant informasjon om inkassatoren har vært ilagt yrkesmessige disiplinære eller strafferettslige reaksjoner. Kredittilsynet skal sikre utveksling av all informasjon som er nødvendig for at klager fra en tjenestemottaker skal bli fulgt opp på riktig måte. Tjenestemottakeren skal informeres om resultatet av klagen.

Nytt kapittel 7 skal lyde:

Kapittel 7. Godkjenning av kvalifikasjonsbevis fra land utenfor EØS for inkassatorer som etablerer seg i Norge

§ 7-1 Godkjenning av kvalifikasjonsbevis fra land utenfor EØS for inkassatorer som etablerer seg i Norge

Unntaket etter inkassoloven § 5 annet ledd tredje punktum fra kravet om tre års praktisk erfaring med inndrivelse av pengekrav for EØS-statsborgere som har

kvalifikasjonsbevis fra en annen EØS-stat, gjelder også for søkere som har kvalifikasjonsbevis fra stater utenfor EØS, dersom

- a) en EØS-stat har godkjent kvalifikasjonsbeviset som grunnlag for at inkassatoren kan utøve inkassovirksomhet der,
- b) innehaveren av kvalifikasjonsbeviset har tre års erfaring med inndrivelse av pengekrav fra den EØS-staten som har godkjent kvalifikasjonsbeviset,
- c) slik erfaring er bekreftet av den EØS-staten som har godkjent kvalifikasjonsbeviset.

Noverande kapittel 6 blir nytt kapittel 8. Noverande § 6-1 blir ny § 8-1.

II

Forskrifta trer i kraft

9. FORSLAG TIL ENDRING AV INKASSOLOVA § 4

I

I lov 13. mai 1988 nr. 26 om inkassovirksomhet og annen inndrivning av forfalte pengekrav skal § 4 femte ledd andre punktum lyde:

Kongen kan i forskrift gi regler om at Kredittilsynet uhindret av taushetsplikten kan eller skal gi opplysninger om en inkassator som har norsk inkassobevilling og midlertidig utøver inkassovirksomhet i en annen EØS-stat, til relevant myndighet i vedkommende EØS-stat.

II

Lova trer i kraft straks.